

Referat frå møte i Voss idrottsråd 4.desember 2014

Tilstades; Erik Blindheim, Nils Een, Inge Arild Lirhus, Bent Kvamme, Ingvill Knapstad Bidne, Nils Helge Kvamme og Gunnhild Utkvitne frå Voss kommune og Anne Jorunn Ryum Møen frå MKU

Referat frå forrige møte vart godkjent.

Sak 1 : Idrottsrådet (IR) si rolle i Voss kommune. Representantar frå Voss kommune (VK) kjem.

Erik starta med å spørje kva Voss kommune ynskjer av Idrottsrådet.

- Viktig for utvikling av idretten
- halde ved like dugnadsanda
- med å profilera bygda
- idrottsrådet representerer alle idrettslag i bygda
- viktig for dialog med Voss kommune
- kan vera aktiv på å få idrettslaga i gang med aktivitetar

Kan vera dilemma for IR å prioritera i saker, kvar medlem representerar ulike idrettar. Greit å vite kva VK forventar. Kvar skal ein legge inn ressursane - skal IR vera kursarrangør eller jobbe politisk?

VK har laga årshjul for handsaming av saker i MKU og Voss Idrottsråd, som kan vera til hjelp. Sjå under.

Det vart og lagt fram samarbeidsavtale mellom Voss kommune og Voss Idrottsråd.

IR vart oppfordra til å møte opp på møter med kommunen og kome med innspel. Det er ein del møter der IR ikkje har møtt. Dette tok IR opp til etterretning.

- IR kunne unformera om at dei skal arrangere foredrag om Antidoping på Voss gymnas komande tysdag og det vert jobba med å få til Veiledarkurs for ledsagarar til synshemma. Erik har vore i kontakt med Voss idrettslag v/ Jorunn Lødemel og Marius Prestegard, som sjølv er ledsagar.
- VK får ein del henvendingar direkte frå idrettslag om ulike saker, der kommunen kunne tenke seg at dei gjekk gjennom idrottsrådet fyrst. Diskuterte litt rundt dette og VK vil verta meir bevisst på å be idrettslaga ta kontakt med IR. Samstundes bør IR jobba med å verta meir synlege for idrettslaga.
- Det er kome henvendingar om at fleire idrettsaktive har vorte «bortviste» frå Bømoområdet, blant anna rulleraskiløparar og utøvarar i hinderløypa. MKU meinte IR burde henvenda seg til eigarane av Bømoen og gje uttrykk for at dette var uheldig.
- IR tok opp med VK utfordringane som kan koma ved riving / nybygging av dei ulike skulane , samt evt.bygging av symjehall. Har dei ein konkret plan på td auka aktivitet i idrettshallen når gymnaset står utan gymnastikksal. Dette skal no VK kartlegge for å finne ut ledig kapasitet på andre skular.
- VK informerte om at 60 % av innbyggjarane i bygda er medlem av idrettslag!
- VK ynskjer å ha faste møter med IR, for å diskutere ulike saker. VK kaller inn.

Sak 2 : Referat frå møter medlemmane har delteke på.

Ingvill har vore på møte i brukarrådet for idrottsplassen. FBK Voss har hatt reklameavtale på gras 1 og denne 10 års avtalen gjekk ut no. FBK Voss ynskjer å utvida den nye avtalen til også å gjelda på den nye kunstgrasbana, men dette vil ikkje Voss kommune gå inn for. Dei ynskjer heller å inngå ein tilleggsavtale om den nye bana.

I og med at Voss kommune eig grunnen til Olabanen (Nye kunstgraset), men FBK Voss har drift- og vedlikehaldsansvar på bana, vil FBK Voss undersøke om dei har reklamerett på Olabanen. Dette har dei ikkje fått svar på enno. Dei ynskjer ikkje å skrive under på ny avtale før dette er på plass. Dei er heller ikkje sikker på om gras 1 vert hovudarena for seniorlaga frametter. Dei ba derfor om at denne saka vert utsett til dei har meir informasjon på bordet.

Det var elles oppsummering av bruken av sentralidrettsanlegga og det har aldri vore så mykje aktivitet på gras 2 som i år. Dette var FBK Voss godt nøgde med. Det vart teke opp reinhald rundt banane og ba FBK ha ein plan på lagring av utstyr. Elles hadde samarbeidet gått fint i år. VK informerte om at dei no har kontor i idrettshuset grunna flaumen som råka kontora deira. Vert truleg der i 3-6 mnd frametter.

Nils har vore på møte om den nye kulturplanen og der var det køyreplan for vidare arbeid som var tema. Han stiller og på komande møter i denne gruppa.

Sak 3: Tilskot til vedlikehald av idrottsanlegg.

MKU har tildelt ein pott på 160.000.- der 80.000.- går til sommaridrettsanlegg og 80.000.- går til vinteridrettsanlegg.

Det er kome innstilling frå Voss kommune, der dei har fordelt som i fjor. Kunstgras får mest, då desse kostar mest å vedlikehalde.

Bjørgum idrettsplass	15.000.-
Eidshagen idrettsp	11.500.-
Palmafossen idrettsp	10.500.-
Skulestadmo idrettsp	15.000.-
Sundve idrettsplass	10.500.-
Haugsvik nærmiljøanl	2.500.-
<u>Kunstgrasbana FBK Voss</u>	<u>15.000.-</u>
Totalsum	80.000.-

Idrottsrådet må koma med innspel innan 8. jan.2015

Sak 4: Antidoping foredrag på Voss gymnas

Erik og Bent arrangerer dette for elevane på skulen, samt trenarar er inviterte.

Sak 4: Ymse

Forslag om at det på neste møte vert diskutert om korleis idrottsrådet kan verta meir synlege for idrettslaga i bygda.

Nytt møte fyrste veka i januar.

Samarbeidsavtale mellom Voss kommune og Voss idrottsråd

4690/12 KUF KU

12/2020 N.HR
GU

Bakgrunn og hensikt

Idretten og det offentlege har felles verdiar og mål for utvikling av fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Denne avtalen har som formål å regulera samarbeidet mellom kommunen og idrottsrådet.

Voss idrottsråd sin formelle status i høve til Voss kommune

1. Voss idrottsråd er eit samordningsorgan for idretten i Voss kommune, vald av idrettslaga i kommunen. Idrottsrådet er eit organ for den frivillige idrettsrørsla knytt til Norges idrettsforbund og Olympiske komité gjennom Hordaland Idrettskrets.
2. Idrottsrådet er sjølvstendig, og er kommunen sin høringsinstans og viktigaste rådgjevar i saker som rører ved idretten i kommunen. Idrottsrådet skal ivareta heilskapen i den organiserte idretten på Voss, og hjelpe kommunen med å ta slutningar til det beste for all idrett i kommunen.
3. Idrottsrådet kan engasjera seg i haldningsskapande og førebyggjande arbeid, og vera ein pådrivar innan all form for fysisk aktivitet.

Samarbeidet

Generelt

Eit hovudprinsipp i samarbeidet er at saker som idrettslaga ynskjer fremja for kommunen og som er av felles interesse for idretten, skal formidlast gjennom idrottsrådet. I dette ligg at kommunen ikkje føretek/avsluttar si sakshandsaming utan idrottsrådet si høring eller anna direkte medverknad. Dette er spesielt viktig i saker som har eller kan tenkjast å få konsekvensar for andre lag. Samhandling kring tildeling av spelemlidar skal tilleggjast stor vekt. Dette hovudprinsippet skal likevel ikkje vera til hinder for at idrettsrådet og kommunen kan avtala at ei sak skal handsamast direkte mellom idrettslag og kommunen.

Årlege rutinar

1. Det vert arrangert halvårlege kontaktmøter mellom politisk og administrativ leiing i Voss kommune og styret i Voss idrottsråd.
2. Det vert arrangert årlege dialogmøter mellom kommunen og idrottslivet.
3. Voss kommune vert invitert til å delta på idrottsrådet sine møter, og ein representant deltek på minimum 2 møter i løpet av året.
4. Møter mellom Idrottsrådet og sakshandsamar i Voss kommune vert halde om lag 6 gonger årleg.

5. Voss kommune tek ansvar for å kalla inn og skriva referat frå fellesmøter.

Endringar


Voss kommune og Voss idrottsråd kan etter samråd endra samarbeidsrutinane når det viser seg naudsynt.

Voss, den 01.03.2012



For Voss kommune

Ordfører



For Voss idrottsråd

Leiar

Årshjul for handsaming av saker i MKU og Voss idrottsråd

JANUAR:

Handsaming av prioritering av spelemidlar: Skjer før 15. januar kvart år. Administrasjonen lagar innstilling før jul, og denne vert behandla av Voss idrottsråd før MKU-møte i januar.

APRIL/MAI:

Highland-statuetten: Highland-staupet vert gjeve til den idrettsmann- eller kvinne som ved avslutta sesong har synt best prestasjonar på ski. Ved vurderinga av "prestasjon" i denne samanheng skal det takast omsyn til den samla innsatsen som ligg til grunn for prestasjonen, og til særlege tilhøve då prestasjonen vart utført. Personen må vera medlem i eit idrettslag på Voss. Staupet vert utlyst kvart år, slik at ålmenta kan koma med grunnjevne framlegg til kandidatar. Innkome forslag vert presentert for Voss idrottsråd som leverer si innstilling, før MKU gjev endeleg vedtak. Highland-staupet vert utdelt 17. mai.

Idrettstipend: Voss kommune deler kvart år ut stipend til einskildpersonar eller grupper innan kultur- og idrettslivet. Stipendet kan delast ut til einskildpersonar eller grupper som er inne i ei verdifull etablerings- eller utviklingsfase. Stipendet vert lyst ut med oppgjeven søknadsfrist kvart år. Miljø- og kulturutvalet gjer vedtak om tildeling etter framlegg frå idrottsrådet og kulturrådet. Storleiken på stipenda vert avgjort av disponible budsjettmidlar, og stipenda og kan delast mellom fleire. Stipendet vert utdelt 17. mai.

JUNI:

Vedlikehald av idrettsanlegg, vinteranlegg: Administrasjonen lagar innstilling på bakgrunn av innkomne årsrapportar frå vinteranlegga som kan søkja om desse midla. I dag gjeld dette: Bavallen hoppbakke, Bavallen alpinbakkar, Voss ski- og tursenter, Tunåsen hoppanlegg, Framnesbakken, Dalane skisenter, Bømoløypa, Årmotslia skisenter og Tillungsbakken. Saka vert handsama av Idrettsrådet som kjem med fråsegn før MKU gjer endeleg vedtak.

NOVEMBER:

Vedlikehald av idrettsanlegg, sommaranlegg: Administrasjonen lagar innstilling på bakgrunn av innkomne årsrapportar frå sommaranlegga som kan søkja om desse midla. I dag gjeld dette: Bjørgum idrettsplass, Eideshagen idrettsplass, Palmafossen idrettsplass, Skulestadmo idrettsplass, Sundve idrettsplass, Haugsvik nærmiljøanlegg og Prestegardsmoen kunstgrasbanar. Saka vert handsama av Idrettsrådet som kjem med fråsegn før MKU gjer endeleg vedtak.